



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 11.12.2014
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 12:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Ordførar	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordførar	
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Harald Farestveit	SA	Medlem	
Bjørn Helland	SA	Medlem	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	
Terje Nygard	SO	Medlem	
Tom Kristian Thorsen	SO	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	
Arthur Farestveit	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Gisle Heimly	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	Sak 044-047
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef		Sak 038-047
Øivind Olsnes	Rådmann		

Sakliste

Saknr	Tittel
034/2014	Godkjenning av innkalling og saksliste
035/2014	Godkjenning av møtebok
036/2014	Referatsaker
037/2014	Orienteringssaker
038/2014	Høyringsuttale Regional plan for Voss-Osterfjorden vassområde 2016 - 2021.
039/2014	Avtale om overdraging Mo Kyrkje frå Modalen kommune til Mo sokn
040/2014	Biosfæreprosjekt i Nordhordland - deltaking for Modalen
041/2014	Høyring - Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta.
042/2014	Samarbeidsavtale med Helse Bergen Tenesteavtale 3 og 5
043/2014	Smittevernplan for Modalen kommune - revisjon
044/2014	Justering av investeringsbudsjettet 2014
045/2014	Rehabilitering av kommunehuset eller bygging av nytt servicebygg?
046/2014	Betaling for kommunale tenester 2015
047/2014	Budsjett og økonomiplan 2015-2018

Notat frå møtet:

Kl 09.00 -09.30 Konserndirektør Wenche Teigland og Arne Andreas Risnes frå BKK Produksjon AS orienterte om selskapet sitt syn på utarbeida plan for vassforvaltning i Hordaland.

Etter møtet var det julemiddag på Mobryggja.

034/2014: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

035/2014: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

036/2014: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

037/2014: Orienteringssaker

Behandling:

Informasjon frå BKK vedkomande plan for vassforvaltning i Hordaland

Arne Andreas Risnes og Wenche Teigland orinterte om BKK sitt syn på planen og svarte på spørsmål frå kommunestyret.

Rassikring på Fv 539 ved Slottet

Rådmannen orinterte om kva arbeid Statens vegvesen har utført ved Slottet.

Det er sett opp ca 1000 m² is-sikringsnett, og 180 l m med ras-sikringsgjerde. Heile området er reinska og det som var nødvendig er bolta. Samla kostnad for arbeidet er kr 4,5 mill.

Møteplan våren 2015

Ordførar orienterte om utsendt framlegg til møteplan. Det framkom

ikkje merknader til møteplanen som no vert lagt inn på kommunen si heimeside.

Samrøystes

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

**038/2014: Høyringsuttale Regional plan for Voss-Osterfjorden vassområde
2016 - 2021.**

Behandling:

Kommunestyret drøfta trond til å forsterke ulike miljømål for Modalsvassdraget i uttalen.

Kommunestyret vedtok samrøystes å innarbeide følgjande tilleggsframlegg til miljømål under punkt 1 i Modalen sine merknader.

- Det bør vere eit miljømål å halde ein normal-årstidstemperatur i vassdraget ved tapping av overflatevatn og ikkje botnvatn frå Stølsvatnet.
- Det må vere eit mål å unngå store og bråe svingningar av vassføringa i elva som følgje av produksjonsstopp ved Hellandsfossen kraftstasjon.
- Sidan den naturlege kalk-kjelda i vatnet frå Holskarvatnet er overført til Evangervassdraget, må dette kompenserast ved kalking av vassdraget for å kunne opprethalde ein levedyktig bestand av aure og laks.

Vedtak:

Modalen kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer å være ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Modalen kommune vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekoststar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si mening for därleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. For Modalen kommune gjeld dette spesielt krav til minstevassføring i dei regulerte vassdraga. Dei økonomiske konsekvensane for konsesjonshavarar så vel som Modalen kommune må utgreiaast. Vidare må ein på nasjonalt nivå utgreie konsekvens for regional og nasjonal energiproduksjon av alle vassregionplanane i Noreg.

Konsekvensar for Noregs nasjonale målsettingar og internasjonale avtaler om kutt i utslepp av klimagassar ved å redusere eller avgrense energiproduksjon må også vurderast på nasjonalt nivå.

Modalen kommune vil arbeida med dei tiltaka som kommunen er mynde for eller sjølve har

ansvaret for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innan landbruk og kloakk. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som følgje av vassforskrifta.

Til innhaldet i sjølve høyringsdokumenta har Modalen kommune følgjande merknader:

1. Modalen er oppteken av våre anadrome elv Modalselva. Miljømålet er i planen udefinert, men kommunen meiner at miljømålet for bestandar av laks og sjøaure må vera: Levedyktige bestandar med haustingsverdig overskot. Kalking av Modalselva er viktig for kommunen og bør ta til snarast råd er.

Det bør vere eit miljømål å halde ein normal-årstidstemperatur i vassdraget ved tapping av overflatevatn og ikkje botnvatn frå Stølsvatnet.

Det må vere eit mål å unngå store og bråe svingningar av vassføringa i elva som følgje av produksjonsstopp ved Hellandsfossen kraftstasjon.

Sidan den naturlege kalk-kjelda i vatnet frå Holskarvatnet er overført til Evangervassdraget, må dette kompenserast ved kalking av vassdraget for å kunne oppretthalde ein levedyktig bestand av aure og laks.

2. Modalen kommune ynskjer ei vurdering av biotoptiltak i Stølselva nedstrøms Stølsdammen.

039/2014: Avtale om overdraging Mo Kyrkje frå Modalen kommune til Mo sokn

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune godkjenner avtale om overdraging av eigedom 76/43 Mo kyrkje til Mo sokn.

040/2014: Biosfæreprosjekt i Nordhordland - deltaking for Modalen

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune ønskjer å delta i prosjektet for å bli ein del av Nordhordland Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg til å vere med å delfinansiere vår del, kr 28 857 pr år i tre år, for hovudfasen av prosjektet innanfor den ramma som er budsjettet i søknaden frå 2015 – 2017.

Dekning: Bruk av næringsfondet – utviklingsprosjekt

041/2014: Høyring - Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta.**Behandling:**

Tom Kristian Thorsen føreslo at avsnittet om nullkonsesjon vart teke ut av uttalen.

Røysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen vart beden om å leggje fram ei eiga sak om eventuelt å ta bort den lokale forskrifta om nullkonsesjonen.

Vedtak:

Modalen kommune går imot forslaget om å oppheva konsesjonslova og buplikta på landbrukseigedommar, grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

042/2014: Samarbeidsavtale med Helse Bergen Tenesteavtale 3 og 5**Behandling:**

Assisterande rådmann orienterte kort om saka.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til Tjenesteavtale 3 og 5 med Helse Bergen, samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne. Denne avtalen erstattar avtale vedteken i kommunestyret i sak 025/13.

043/2014: Smittevernplan for Modalen kommune - revisjon**Behandling:**

Samrøystes

Vedtak:

Smittevernplan for Modalen kommune vert vedteken slik den ligg føre.

044/2014: Justering av investeringsbudsjettet 2014**Behandling:**

Rådmannen orienterte kort om saka

Samrøystes

Vedtak:

Investeringsbudsjettet for 2014 vert justert slik det går fram av vedlagte saksframlegg med tabellar for skjema 2A og 2B i kolonne merka Endring.

045/2014: Rehabilitering av kommunehuset eller bygging av nytt servicebygg?**Behandling:**

Rådmannen orienterte om administrasjonen sitt arbeid og vurderingar av saka.

Ordførar sette fram slik framlegg til vedtak:

Kommunestyret oppnemner formannskapet som prosjektgruppe, til innan 1. september 2015 å utarbeide eit forprosjekt for nytt service- og næringsbygg på Mo.

Prosjektgruppa sitt mandat er:

- Kartlegge og vurdere trong for utleige av kontor til private verksemder
- Utarbeide eit skisseprosjekt og kostnadsoverslag for eit nybygg med lokale til offentlege/ private kontor og lokale til ulike felles funksjonar og formål

Kostnader til ekstern hjelp i arbeidet vert å dekka innan vedteken avsetning av midlar til føremålet i budsjettet for 2013 (sak 070/12: Budsjett 2013 – Økonomiplan 2013-16)

Røysting:

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret oppnemner formannskapet som prosjektgruppe, til innan 1. september 2015 å utarbeide eit forprosjekt for nytt service- og næringsbygg på Mo.

Prosjektgruppa sitt mandat er:

- Kartleggje og vurdere trong for utleige av kontor til private verksemder
- Utarbeide eit skiseprosjekt og kostnadsoverslag for eit nybygg med lokale til offentlege/ private kontor og lokale til ulike felles funksjonar og formål

Kostnader til ekstern hjelp i arbeidet vert å dekka innan vedteken avsetning av midlar til føremålet i budsjettet for 2013 (sak 070/12: Budsjett 2013 – Økonomiplan 2013-16)

046/2014: Betaling for kommunale tenester 2015

Behandling:

Assisterande rådmann orienterte kort om saka

Samrøystes

Vedtak:

Betaling for kommunale tenester vert vedteke slik dei ligg føre i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2015».

047/2014: Budsjett og økonomiplan 2015-2018

Behandling:

Notat frå teknisk sjef om "Øvre Helland vassverk" var sendt ut til kommunestyret på førehand av møtet, men også delt ut i møtet.

Rådmann og økonomisjef orienterte om føresetnader for budsjett og økonomiplanen.

Harald Farestveit sette fram følgjande framlegg frå Samlingslista til endring av investeringsbudsjett 2015:

Låssystem Modalstunet	- kr 600,000,- (0)
Oppgradering Ø.Helland vassverk	- kr 920,000,- (ny sum 2.450)
Oppgradering båthavn	- kr 600,000,- (0)
Utvendig vedlikehald av Bryggjeslottet	+ kr 330,000,-
Vedlikehald komm. uteområder	+ kr 140,000,-
Kunstgrasbane	+ kr 2,000000,-
Finansiering:Bruk av disposisjonsfond	- kr 350,000,-

Solrenningslista ba om gruppemøte før avrøyting

Røyting: Samlingslista sitt endringsframlegg vart vedteke mot 4 røyster (Bjørn Helland, Terje Nygard, Arthur Farestveit, Frank Stian Steinsland)

Det vart deretter røysta over formannskapet sitt samla framlegg for budsjett og økonomiplan med endringar, som då vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018 vert vedteke slik det ligg føre
2. Liste over småinvesteringar i budsjettdokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2015
3. Eigedomsskatt 2015
 - a. For eigedomsskatteåret 2015 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 første ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2015 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 500 000 for 2015.
Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

Følgjande endringar vert å innarbeide i investeringsbudsjett og finansieringsplan:

Låssystem Modalstunet	- kr 600,000,- (0)
Oppgradering Ø.Helland vassverk	- kr 920,000,- (ny sum 2.450)
Oppgradering båthavn	- kr 600,000,- (0)
Utvendig vedlikehald av Bryggjeslottet	+ kr 330,000,-

Vedlikehald komm. uteområder	+ kr 140,000,-
Kunstgrasbane	+ kr 2,000000,-

Finansiering:Bruk av disposisjonsfond	- kr 350,000,-
---------------------------------------	----------------
